



Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
076/17	Formannskapet	19.10.2017
079/17	Kommunestyret	26.10.2017

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
17/835 - 17/7216	K2 - K20, K2 - K23	Ingunn Bårvædt Skjerdal 57 63 29 32	06.10.2017

Tilbakemelding - kva gjer Aurland kommune for å spreie fartøybesøk i verdsarvfjorden

Tilråding frå rådmann:

Aurland kommunestyre ber om å det vert utarbeide hamne- og farvassplan jf vedtekten for Aurland hamnevesen KF § 7. Ein viktig del av arbeidet er vurderingar etter havne- og farvasslova § 39 1. ledd, vurdering av plassforhold og begrensninger i adgangen til å anløpe hamn av omsyn miljø.

Bakgrunn

Sjøfartsdirektoratet har på oppdrag frå klima og miljødepartementet samordna og gjennomført ein prosess med å kartlegge utslepp i norske fjordar med stor cruisetrafikk. Oppdraget vart avgrensa til å gjelde dei tre verdsarvfjordane Geirangerfjorden, Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden. Resultatet er rapporten «Utslipp til luft og sjø frå skipsfart i fjordområder med stor cruisetrafikk». Den vart lagt fram i mai 2017. Gjennom arbeidet kom det fram at nivået av nitrogenoksidar (NOx) i mellom anna Flåm til tider overskrid verdiar som kan ha ein negativ helsemessig påverknad. Kartlegginga viser at utslepp til sjø i fjordane i liten grad førekjem frå cruiseskip, men at det frå lokal skipstrafikk vert slept ut noko kloakk og gråvatn.

Ut i frå resultata av kartlegginga peikar sjøfartsdirektoratet på fleire tiltak for å redusere utslepp og negativ påverknad på miljøet i Geiranger-, Nærøy- og Aurlandsfjorden:

«- Krav om at skip skal ha et NOx-utslipp som ikke overstiger verdiene gitt i MARPOL Vedlegg VI, regel 13.4 (Tier II) innen 2018 og regel 13.5 (Tier III) innen 2020

- Kun tillate bruk av drivstoff med lavt svovelinnhold, uavhengig av om skip har

rensesystem (scrubber) eller ikke

- Synlig utslipp av røyk fra skip skal ikke ha en tetthet som reduserer gjennomsiktig-heten med mer enn 50 % under kaldstart eller 10 % under seilas
 - Rapporteringskrav innføres for alle skip som går inn i verdensarvfjordene
 - Redusere antall skipsanløp totalt eller per dag/uke
 - Fastsettelse av maksimal hastighet i definerte soner i fjordene for å holde forbruk av drivstoff og utslipp til et minimum
 - Forbud mot utslipp av scrubervann
 - Forbud mot utslipp av gråvann
 - Forbud mot utslipp av kloakk, urensset og renset
- Ved fastsettelse av forskriftskrav, må det tas hensyn til når ikrafttredelse av kravene gjøres i forhold til næringens muligheter til å innrette seg. Bestemmelsene må også gi åpning for dispensasjoner.»

Klima og miljødepartementet har bede Sjøfartsdirektoratet om å lage eit regelverk for å redusere miljøutslepp i norske verdsarvfjordar. I den samanheng har dei sendt brev til Aurland kommune og ønsker svar på følgande spørsmål:

«Har dere mottaksanlegg for avfall fra skip, herunder kloakk og gråvann (vaskevann)?

Hvilke muligheter finner for å etablere slike mottaksanlegg i kommunen deres?

Når ser kommunen at nødvendige mottaksanlegg kan være operative? Vi ønsker også at dere forklarer hva dere vil gjøre for å spre fartøysbesøkene i verdensarvfjordene for å unngå toppe med flere store cruiseskip på en gang.»

Brevet er motteke 20.09.2017 med svarfrist 29.09.2017. Etter kontakt med sjøfartsdirektoratet har Aurland kommune fått utsett frist til 01.11.2017 for å få tid til ei politisk drøfting av det sist spørsmålet.

Vedlagt følgjer også Aurland hamnevesen sitt svar på spørsmåla frå Sjøfartsdirektoratet. Som vedlegg til Aurland hamnevesen sitt svar følgjer også svar frå Stranda hamnevesen.

Lovgrunnlaget:

Kommunar har forvaltningsansvar og mynde etter havne- og farvannsloven § 9:

«Kommunen har forvaltningsansvar og myndighet etter denne loven innenfor området hvor kommunen har planmyndighet etter plan- og bygningsloven, med mindre noe annet følger av bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven. Kommunen skal sørge for sikkerhet og fremkommelighet i havner og i kommunens sjøområde.

Departementet kan gi forskrift og treffe vedtak om kommunens forvaltningsansvar og myndighet etter denne loven, herunder gjøre unntak fra eller utvidelse av kommunens forvaltningsansvar og myndighet.»

havne og farvannsloven § 39. Adgang til å benytte havn

«Eiere og operatører av havner og havneterminaler har plikt til å motta fartøy i det omfang plassforholdene tillater det, og fartøyet ikke er til urimelig fortengsel for eierens behov for egen bruk av havnen eller andre som er sikret rett til å bruke havnen. Eiere og operatører av havner og havneterminaler kan fastsette begrensninger i adgangen til å anløpe havn, av hensyn til sikkerhet, miljø og fiskerinæringen.

Plikten til å motta fartøy etter første ledd gjelder likevel ikke for private havner som ikke tilbyr anløp og tjenester til andre enn eierne av havnen. Departementet kan likevel i særlege tilfeller ved enkeltvedtak eller i forskrift fastsette at slike havner skal kunne benyttes av andre brukere med et tungveiende behov for de havne- og transporttjenestene som havnen kan tilby, forutsatt at bruken ikke vil være til urimelig fortrengsel for eierens behov for egen bruk av havnen eller andre som er sikret rett til å bruke havnen.


Departementet kan ved enkeltvedtak eller i forskrift gi nærmere regler om plikten til å motta fartøy etter første ledd.»

For Aurland hamnevesen gjeld i tillegg

- Forskrift om orden i og bruk av farvatn og hamner Aurland kommune (lokal forskrift)
- Vedtekter for Aurland hamnevesen KF, vedteke i kommunestyret

Status

Aurland kommune har eit innbyggartal på 1787 pr 01.01.2017, av desse bur om lag 400 personar frå fjord til fjell i Flåm. Flåm er eit populært reisemål som mange turistar på rundreise i Noreg legg inn på ruta. Det er forventa at tal reisande med Flåmsbana nærmar seg 1 million i 2017. Trafikken på Flåmsbana er samansett, i 2016 var det 926 000 reisande og fordelinga såg slik ut:



I 2016 var det 161 anløp med cruiseskip i Flåm, fordelt på 111 dagar med anløp. I 2016 var talet på cruisepassasjerar 240 389.

Vurdering

Sjøfartsdirektoratet ønsker tilbakemelding på følgjande spørsmål:

Har dere mottaksanlegg for avfall fra skip, herunder kloakk og gråvann (vaskevann)?

Aurland kommune har ikkje mottaksanlegg (for skip) for kloakk og gråvatn. Handhevar lovpålagt mottaksordning for avfall frå alle skip og hamna har utarbeidd

godkjent avfallsplan. Ordninga omfatta all slags avfall med unnatak for kloakk. Kloakk har kommunen vore tilbakehaldne med å ta i mot. Hamna har 3-årig avtalar med renovasjonsfirma om mottak frå cruiseskip. Lokalbåtar har eigne ordningar, men hamna har også tilbod til desse. Alle andre fartøy betalar fast avfallsgebyr som inneber at ei viss mengd avfall er inkludert i prisen.

Hvilke muligheter finner for å etablere slike mottaksanlegg i kommunen deres?

Aurland kommune sine planar for vatn og avlaup tek ikkje høgde for å ta i mot kloakk, gråvatn og vaskevatn frå skip.

Våre anlegg er dimensjonert for å ta i mot kloakk og gråvatn frå busetnad og verksemder i Flåm. Kapasiteten i anlegget er pr i dag fullt utnytta og kommunen vurderer å utvide anlegget med tanke på å auke kapasiteten for å ta i mot kloakk frå større område og ny bebyggelse.

Aurland kommune har fått midlar til eit forprosjekt knytt til biogass. Gjødsel og organisk avfallsstoff frå gardsdrift og besøksnæring som td. kloakk frå båtar, kommunale anlegg mv. kan produsera straum og varmt vatn frå biogass. Ei kopling mellom kommune, næring og Sogn jord- og hagebrukskule vil kunne gje grunnlag for eit biogassanlegg i Aurland som løyser utfordringane med avfall og transport og vil kunne gje ein positiv miljøgevinst i form av auka lokalprodusert energi i kommunen og reduserte utslipp av klimagassar. Det er no eit forprosjekt.

Forprosjektet vil kunne avklare kva for moglegheiter det er for etablering av eit slikt mottaksanlegg i kommunen.

Når ser kommunen at nødvendige mottaksanlegg kan være operative?

Tidspunkt for at naudsint mottaksanlegg kan vere operativt vil vere avhengig av fleire utanforliggende faktorar, som pålegg frå offentlege myndigheter, planmessige og tekniske avklaringar for anlegget, økonomi i prosjektet og tilgang på finansiering. Forprosjektet vil truleg avklare mogleheitene og tidsperspektiv for etablering av anlegg.

Vi ønsker også at dere forklarer hva dere vil gjøre for å spre fartøysbesøkene i verdensarvfjordene for å unngå topper med flere store cruiseskip på en gang.

Aurland hamnevesen opplyser at dei sidan 2009 har hatt følgjande retningslinjer for mottak av cruiseskip:

- Maks 3 skip samtidig
- Maks 5000 passasjerar samstundes

I Flåm er det årleg om lag 100 dagar med cruiseskip. Dei mest trafikkerte dagane er tysdag, onsdag og torsdag.

Pr i dag er det retningslinjene som Aurland hamnevesen har innført, som set begrensningar. Det er ikkje gjort andre lokale vedtak om å spreie fartøysbesøk.

Det ser ut til at hamne og farvassloven § 39 har to punkt som kommunen kan vurdere nærmare Det er

- plassforholdene
- begrensninger i adgangen til å anløpe havn, av hensyn til sikkerhet, miljø og fiskerinæringen.

For Flåm handlar dette i tillegg til ureining til luft og vatn, om kapasiteten på landsida til å ta i mot store mengder med gjester samstundes.

I vedtekten til Aurland hamnevesen § 7står det at «hamnestyret står for planlegging (hamne og farvassplan) på sektoren og skal i sitt arbeid leggja til rette for god samordning til anna offentleg og privat verksemd». Pr i dag er ligg det ikkje føre hamneplan for Aurland. Ein slik plan vil kunne vere eit verktøy i arbeidet med vurdering av plassforhold, tildelingskriteria mm. Viktige tema er:

- Tal cruiseskip samstundes
 - Tal dagar med anløp pr år, pr månad, pr veke
 - maks tal passasjerar pr dag, pr sesong
- ved innføring av begrensingar må det også kome fram kva følgjer endringane kan få.

19.10.2017 Formannskapet

Tilleggsforslag:

Framlegg frå Noralv Distad:

1. Aurland kommune viser til retningslinene for mottak av cruiseskip i Flåm, med avgrensing til tre skip samtidig og maks 5000 passasjerar samtidig. Rutetrafikk vert regulert på grunnlag av tilgjengeleg kaiplass.

2. Kommunestyre ser ikkje grunnlag fro å setje igang arbeid med hamne- og farvassplan no.

Røysting

Det vart røysta alternativt over tilråding frå rådmann og framlegg frå Noralv Distad:

Tilråding frå rådmann: 2 røyster for

Framlegg frå Norav Distad: 3 røyster for

FS-076/17 Vedtak:

1. Aurland kommune viser til retningslinene for mottak av cruiseskip i Flåm, med avgrensing til tre skip samtidig og maks 5000 passasjerar samtidig. Rutetrafikk vert regulert på grunnlag av tilgjengeleg kaiplass.

2. Kommunestyre ser ikkje grunnlag fro å setje igang arbeid med hamne- og farvassplan no.

26.10.2017 Kommunestyret

Tilleggsforslag:

Tilleggsframlegg frå Per Are Flåm:

Nytt punkt 3:

Kommunestyret sender saka vidare til styret for havnevesenet, og ber om at dei set den på saklista snarast.

Finn havnestyret det teneleg med ein slik plan, arbeidar styret vidare med det i 2018, og orienterer kommunestyret om arbeidet på slutten av året.

Tilleggsframlegg frå Monica Gjesdal Larsen:

Nytt punkt:

Aurland kommune jobber opp mot klima- og miljødepartementet og sjøfartsdirektoratet om at regelverk gitt for verdsarvfjordene blir nasjonalt gjeldandefor alle offentlege hamner.

Nytt punkt:

Hamne og farvassplanen skal vera ferdig handsama i løpet av 2018.

Framlegg frå Styrle Ryum

Aurland kommunestyre ber Aurland Hamnvesen om å utarbeide hamne- og farvassplan jf vedtekten for Aurland hamnevesen KF § 7. Ein viktig del av arbeidet er vurderingar etter havne- og farvasslova § 39 1. ledd, vurdering av plassforhold og begrensninger i

adgangen til å anløpe hamn av omsyn miljø. Planen bør ferdigstilla for godkjenning innan utgangen av 2018.

Tilleggsframlegg frå Per Are Flåm.
Tilleggsframlegg frå Monica Gjesdal Larsen
Framlegg frå Sturle Ryum

Røysting:

Punktvis og alternativ røysting.
Framlegg frå formannskapet:
Punkt 1 : 4 røyster mot 13 røyster for
Punkt 2: ingen røyster

Det vart røysta alternativt mellom tilleggsframlegget frå Per Are Flåm og framlegg frå Sturle Ryum.
Framlegg frå Sturle Ryum fekk 7 røyster, tilleggsframlegg frå Per Are Flåm fekk 10 røyster.

Tilleggsframlegg frå Monica Gjesdal Larsen 1. del:
samrøystes

Høgre bad om gruppemøte.

KS-079/17 Vedtak:

Aurland kommune viser til retningslinene for mottak av cruiseskip i Flåm, med avgrensing til tre skip samtidig og maks 5000 passasjerar samtidig. Rutetrafikk vert regulert på grunnlag av tilgjengeleg kaiplass.

Aurland kommune jobber opp mot klima- og miljødepartementet og sjøfartsdirektoratet om at regelverk gitt for verdsarvfjordene blir nasjonalt gjeldandefor alle offentlege hamner.

Kommunestyret sender saka vidare til styret for havnevesenet, og ber om at dei set den på saklista snarast.

Finn havnestyret det teneleg med ein slik plan, arbeidar styret vidare med det i 2018, og orienterer kommunestyret om arbeidet på slutten av året.

Vedlegg:

Kartlegging av mottaksanlegg for avfall frå cruiseskip i norske verdsarvfjordar
Sjøfartsdirektoratet - reduksjon av miljøutslepp i norske verdsarvfjordar
Sjøfartsdirektoratet - svar på spørsmål om mottaksanlegg for avfall og prosedyrer for bestilling (L)(332704)